

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

NR. 2/3 – DESEMBER 2008

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

- s. 2 – Nytt frå Venelaget!
- s. 3 – Årsmelding 2006–2008
- s. 4 – Artikkel av Olav H. Hauge
- s. 5 – Referat frå årsmøtet 20. september 2008
- s. 8 – Val for perioden 2008–2010
- s. 10 – Vinnar av Venelaget Olav H. Hauge sitt studiestipend 2008
- s. 11 – Vinnar av Ung Poesi i Hordaland 2008
- s. 12 – Amboltprisen til Robert Bly
- s. 14 – Hordaland Fylkeskommune sin kulturarbeidarpris 2008
- s. 15 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge
- s. 16 – Styret og adresser

NYTT FRÅ VENELAGET!

Den 18. august 1959 skriv Olav H. Hauge dette i dagboka si:

Fjelli i kveldingi, gråe og vêrslitne, med regnskur yver rindane, skogen, alt talar sitt språk, åndens språk. Sliten er eg, og grå er mi sjel. Armod i meg, og armod um meg, alt er som eg er. Dette er løyndomen i verdi, ho er som du gjer henne til.

Her kjem eg i hug min barndom og grendi då eg var truskuldig og tenkte stort um alt, difor var grendi deretter.

No er det erkjenningi som er min rikdom, eg lyt sanna det.

Få har skrive så vakkert og stort om ”erkjenningi” som Hauge. Etter kvart som tida går, etter kvart som åra går, er det ettertanken, refleksjonen, klokskapen, som tek over for den truskuld og dei ”store” tankane som pregar unge år. Men *ein* ting er å skriva om det, som Hauge gjorde i dikt og dagbøker, ein annan ting er det å skapa bilete som syner dette for oss.

Gjennom eit heilt eige filmspråk klarte Vigdis Nielsen med filmen *Den andre mannen* å formidla korleis det rundt oss *er* slik vi sjølve er. Lange, kvite sletter, svarte fotefar i djup snjo, bergsider, høge fjell, vatn, regn – fleire av bileta i filmen var like sterke som dei beste av dikta til Hauge. I eit 2008 med høgdepunkt rundt kvar ein sving for dei som er interesserte i Hauge og diktinga hans, var filmen til Vigdis kanskje det som står sterkast att.

I 2009 vert Venelaget Olav H. Hauge 10 år, og me går inn i jubileumsåret med eit nytt styre. I skrivande stund har medlemstalet passert 250. Me vil takka alle for eit rikt 2008 – og me vil oppmoda alle til å vera medvitne om Hauge òg i 2009. Hauge sine dikt kjenner ikkje jubileum og markeringar. Men dei kjenner livet – og tida vi har.

ÅRSMELDING 2006–2008

Styret i perioden 2006–2008 har vore:

Styreleiar:	Øystein Hide, Bergen
Nestleiar:	Ågot Gammersvik, Lillehammer
Styremedlem:	Brit Valland, Voss
Styremedlem:	Torbjørn Austrud, Ulvik (Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
Styremedlem:	Elin Rondestveit, Ulvik (Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)

Ved utgangen av 2006 hadde laget **73** registrerte medlemmer. I 2007 auka talet til **191** og pr. 16.09.2008 har laget **237** medlemmer.

Saldo pr. 10.09.2006 var **40 825 kr.** Saldo pr. 01.09.2008 var **105 113 kr.** Overskot for perioden 2006–2008 er med det **64 288 kr.** Fullstendig og godkjend rekneskap vert delt ut på årsmøtet (laurdag 20.09 kl. 09.15–10.30, på Rossvoll).

I 2006–2008 har Venelaget hatt fokus på fylgjande:

- 1) Formalisering av medlemskap i form av medlemskort.
- 2) Oppretta kontakt og samarbeid med fleire nasjonale venelag og tiltak, m.a. Olav Sletto-selskapet, Jacob Sande-selskapet og Ivar Aasen-tunet.
- 3) Etablering av internettsida: www.venelagethauge.no og gjestebok på nett.
- 4) Etablering av medlemshefte, med tre utgåver pr. år.
- 5) Arbeid for etablering av Dokumentasjonsenteret Olav H. Hauge i Ulvik.

- 6) Kåring av Amboltprisen.
- 7) Kåring av prisvinnarar i Ung Poesi, saman med Ulvik Poesifestival og Hordaland Fylkeskommune.
- 8) Etablering av Venelaget Olav H. Hauge sitt studiestipend.

Laget har hatt fire styremøte: Desember 2006, februar 2007, oktober 2007 og mars 2008, og elles jamn kommunikasjon på e-post og telefon.

Ulvik, 19. september 2008

Øystein Hide

Styreleiar

ARTIKKEL AV OLAV H. HAUGE

I Norsk Årbok 2007 (utgjeve av Høgnorskringen) er prenta oppatt ein artikkel av Olav H. Hauge frå 1950. Det er artikkelen “Fjellet kring Uppsæte, Hallingskeid og Finse i eldre tid”. Artikkelen stod fyrste gong prenta i Den norske Turistforenings Årbok og er prenta oppatt i Norsk Årbok med løyve frå Bodil Cappelen.

Vonleg vil artikkelen ha interesse for medlemene i Venelaget Olav H. Hauge. Høgnorskringen sel Norsk Årbok for 150 kr (frakta er inkludert).

For Høgnorskringen

Gudmund Harildstad

Tlf. 22 85 43 90 / 22 46 30 41

Mobil 928 50 519

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 20. SEPTEMBER 2008

Stad: Rossvoll, Ulvik

Tid: 09.15–10.30

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
Vart godkjent utan merknad.
2. Konstituering
 - Val av møteleiar: Øystein Hide
 - Val av referent: Unni Solem Bilsbak
 - Val av tellekorps: Steinar I. Bergo, Arne Skjerven
3. Rekneskap 2006–2008
v/ kasserar Anders Kr. Oppheim.
Rekneskapen vart godkjent utan merknad.
4. Oppsummering 2006–2008
v/ styreleiar Øystein Hide.
 - Sidan 2006 har styret vore i kontakt med andre venelag og diktarheimar/stader, m.a. Olav Sletto-selskapet, Jacob Sande-selskapet og Ivar Aasen-tunet. På sikt ynskjer ein å arrangere ein årleg nasjonal konferanse for diktarlag i Ulvik.
 - Kommunikasjonen med medlemene må verte betre, både elektronisk og “på papir”.
 - Viktig at Dokumentasjonssenteret Olav H. Hauge vert ein stad for forskning, fordjuping, eit litteratursentrum som ikkje treng låsast til berre ein diktar. Rossvoll bør leve som diktarheim parallelt. Til dette siste

trengs det eit godt samarbeid med familien og økonomi til å ivareta huset. Venelaget vil arbeide for at Rossvoll får tildelingar på lik line med Dokumentasjonssenteret.

- Vedr. Amboltprisen: Leif Gjerme, som har laga prisen, døydde i år. Venelaget har tilgang på forma og vil få nytta denne vidare. Elles ros til Ågot Gammersvik som har arbeidd for å få årets vinnar Robert Bly til Ulvik.

- Medlemstalet har vore i sterk vekst det siste året.

- Som kommentar til årsmeldinga ga medlem Guri Hjeltnes ros til styreleiar for svært godt og konstruktivt arbeid i perioden.

5. Innkomne saker

Ingen.

6. Val for perioden 2008–2010

Sjå eige punkt.

7. Vegen framover for Venelaget Olav H. Hauge (ordet fritt)

- Elisabeth Sølvberg Aase har idear til utvikling av heimesida vår: Ha eit opplegg for skulebruk, visa eksempel på skuleprosjekt som er gjort, og kunnskapsbase. Viktig med formidling. Viktig òg med tilbod til framandspråklege, ha med gjendikting på ulike språk.

- Torunn Hovland Ljone seier at Dokumentasjonssenteret arbeider med utvikling av kunnskapsbase, også tilbod for born og unge.

- Ida Holen minner om at Haugesenteret er ungt som prosjekt, men det kjem ny heimeside snart. Ho har vore i kontakt med Fartøyvernsenteret i Norheimsund, der dei har utvikla undervisningsopplegg.

- Ågot Gammersvik seier det er viktig å knyta seg opp mot dei nettverk som finst, norske og nordiske, og ønsker prosjektleiar velkomen til Maihaugen på studietur.
- Torbjørg Austrud: Viktig å mobilisera ressursane i medlemsmassen vår! Slik at alle kan bidra og gje innspel.
- Stephen J. Walton: Kan me stimulera til lokallagsetablering? Jf. fleire Duun-klubbar. Minner om nynorsksenteret ved høgskulen i Volda, som har sterk pedagogisk kompetanse og kan vera ein samarbeidspart.
- Øystein Hide: Mållaga ønskjer å hyra inn folk til små kåseri, t.d. er Bergo og Skjerven alt utfordra til slike besøk.

Årsmøtet vart avslutta med servering av kaffi og eplekake frå vertskapet. Stein Olav Kolås hadde med seg både den eldre og den yngre generasjonen av familien. Varm takk for at de opna huset for oss denne dagen!

Ref: Unni Solem Bilsbak

VAL FOR PERIODEN 2008–2010

Årsmøtet vart oppmoda om å godta at alle representantar vert valde for 2 år, ikkje 4 som tidlegare, då dette synest for lenge. Framlegg frå valkomiteen vart vedteke ved akklamasjon, og ombod i Venelaget Olav H Hauge i perioden 2008-10 vert som fylgjer:

Styret:

Unni Solem Bilsbak, leiar, ny (2008–2010)

Torbjörg Austrud, ikkje på val (2006–2010)

Johannes P. Bleie, ny som styremedlem (2008–2010)

Øystein Hide, ny som styremedlem (2008–2010)

Stephen J. Walton, ny (2008–2010)

Varafolk:

Daniel Hydle, ny (2008–2010)

Elin Rondestveit, ny som vara (2008–2010)

Representant til styret i Olav H. Hauge-stiftinga:

Unni Solem Bilsbak, ny (2008–2010)

Johannes Bleie, vara, attval (2008–2010)

Representant til styret for Ulvik Festivalutvikling:

Torbjörg Austrud, attval (2008–2010)

Elin Rondestveit, vara, ny (2008–2010)

Amboltprisen:

Aud Laingen Hamre leiar, attval (2008–2010)

Sverre Tusvik, attval (2008–2010)

Idar Stegane, attval (2008–2010)

Merknad frå årsmøtet: Synd at ingen frå denne nemnda er til stades. Årsmøtet oppmodar det nye styret om å vurderer å oppnemna ein representant frå styret til nemnda for Amboltprisen, som 4. medlem. Konkret framlegg om Stephen J. Walton.

Ettersyn (revisjon):

Ragnvald Fleten og Olav T. Lekve, begge attvalde (2008–2010)

Valnemnd:

Elisabeth Sølvsberg Aase, leiar, attval (2008–2010)

Arne Skjerven, attval (2008–2010)

Eli Lillebø, ny (2008–2010)

VINNAR AV VENELAGET OLAV H. HAUGE SITT STUDIESTIPEND 2008

Då Venelaget Olav H. Hauge etablerte eit heilt nytt studiestipend på kr. 10 000, tenkte me at det ville verte skarp konkurranse mellom lærde litteraturstudentar og bråmodne skuleelevar med allegoriar og metrikk som interessefelt. Vinnaren av prisen vart ein skarp student – men fagområdet var noko overraskande for mange av oss. Johanne Marie Time Aksnes frå Vikøy i Kvam, 25 år gamal og busett i Bergen, er student ved Bergen Arkitektskule, og prosjektskissa hennar ”Konkyle – ’Som eit hus ei liti stund’” var så sterk at den vart nytta som juryen si grunngjeving for pristildelinga. ”Er det mogleg å finna ein slektskap mellom Hauge sin poesi i det språklege landskapet og den måten ein gjennom arkitekturen kan skapa poesi i det fysiske landskapet”, spør Time Aksnes i dette prosjektet. ”Er det mogleg å overføre noko av det biletlege i Hauge si dikting til faktiske/konkrete rom?” Prosjektet til Time Aksnes er ei undersøking og visualisering av rom- og bygningsmetaforar i Hauge si dikting, og tanken hennar er å laga arbeidsteikningar til eit byggverk inspirert mellom anna av diktet ”Konkylie”. Gjennom arkitektoniske former vil Time Aksnes skapa assosiative rom, og ideen er å konstruere ein konkylie som skal vera eit rom å gå inn i. ”I dette rommet vil der også vere allusjonar til andre av Hauge sine dikt og rommetaforar, gjennom bruk av materiale, form og farge”, seier Time Aksnes vidare i søknaden.

I diktet ”Lauvhyttor og snøhus” skriv Hauge: ”Eg synest / likevel / det er gildt / å laga dei, då / har eg som eit hus / ei liti stund.” Gjennom dette og dikt som ”Snø”, ”Eg dreg ifrå glaset” og ”Kom ikkje med heile sanningi”, vil arbeidet hennar vera å vise prosessen fram mot ei ferdig arbeidsteikning. Undervegs lagar ho idéskisser/plansjar som illustrerer arbeidet med kvart av dikta som romlege element. Me ser verkeleg fram til det ferdige resultatet, og vil presentere både det og Aksnes sjølv ved eit seinare høve.

VINNAR AV UNG POESI I HORDALAND 2008

Denne litterære tevlinga er ei revitalisering av den tidlegare “Ungdomsprisen i lyrikk”, sist delt ut i 2004. Venelaget Olav H. Hauge står bak prisen saman med Ulvik Poesifestival og Hordaland fylkeskommune, og prisen på kr. 10 000 kan delast opp blant fleire vinnarar. Den solide juryen, leia av Ida Holen ved det nyetablerte Haugesenteret i Ulvik, fann dikta til Erlend O. Nødtvedt så sterke at han stakk av med heile prisen. Og Erlend kvitterte med å levera ein takketale og ei opplesing som publikum ved Poesifestivalen i Ulvik seint vil gløyme.

Erlend O. Nødtvedt vart fødd i 1984, er redaksjonsmedlem i Vagant og har tidlegare gått på Skrivekunstakademiet i Bergen. Fleire av dikta han leverte er no kome på trykk i samlinga hans ”Harudes” som Aschehoug ga ut like etter denne tildelinga. ”I fremstillingen av det katastrofetruede fylket tar Nødtvedt for seg både av norsk nasjonalromantikk, norrøn mytologi og beretningene om de germanske hordene, kalt ”harudes” på latin, som slo seg ned i landsdelen og som fylkesnavnet skal være avledet fra”, skreiv Mariann Enge i ein omtale i Aftenposten. På langt kortare tid har Nødtvedt no slått seg ned i det norske litterære landskapet, og ved utgangen av 2008 framstår han som ein av dei meir vitale og nyskapande diktarane Noreg kan by på. Ikkje så svært ulikt slik Olav H. Hauge sjølv gjorde etter debuten i 1946.

Me i Venelaget Olav H. Hauge er saman med Ulvik Poesifestival og Hordaland fylkeskommune og svært stolte over å ha Erlend som ”vår eigen diktar”, og me trur debutboka og prisen er starten på ein diktarskap som skapar sine eigne, stolte tradisjonar. Erlend vil verte presentert for medlemmane våre ved eit seinare høve!

AMBOLTPRISEN TIL ROBERT BLY

Robert Bly vart fødd i 1926, og er no busett i Minnesota, USA. Tippoldeforeldra kom frå Bleie i Hardanger. Som vi veit er Bly omsett til norsk av fleire, mellom andre Olav H. Hauge som har sett om 15 dikt i *Dikt i samling*. Bly sin forfattarskap strekkjer seg frå tiltrekninga mot naturen og det indre, psykologiske menneske, til ein poesi som syner eit sterkt politisk engasjement. Bly har mellom anna vore med og starta organisasjonen "American Writers Against the Vietnam War". Robert Bly vitja Noreg fyrste gong på eit Fulbright-stipend i 1956-57. Han lærte seg etter kvart å lesa norsk, og tok til å omsetje dikt og skrive om norsk litteratur og poesi.

Den fyrste diktsamlinga hans kom ut i 1962. Med *Silence in the Snowy Fields* fekk ein dikt som tidlegare hadde vore på trykk i mellom andre *The Paris Review*, *Poetry* og *The Hudson Review*. For den andre samlinga *The Light around the Body*, som kom ut i 1968, mottok Bly "National Book Awards for Poetry".

I begge desse samlingane er det tydeleg at Bly er seg bevisst det store geografiske landskapet som omgjev han og som utgjer den poetiske horisonten hans. Bly skriv om Minnesota, Montana, Brooklyn Heights. Samstundes går tankane hans attende til opphavet. Til Noreg. I diktet "Remembering in Oslo", skriv Bly: "(...) I too am still. And my great-grandfather steps on his ship." Bly er og ein observatør av det poetiske aspektet ved naturen som omgjev han. I diktet "Driving to town" høyrer vi: "There is a privacy I love in this snowy night."

Bly vert meir politisk med den andre samlinga si. Dette kan vi sjå heng saman med Cuba-krisa, drapet på John F. Kennedy, rase-striden og Vietnam-krigen. Alle sentrale element i amerikansk samtidssoge. I 1972

kjem samlinga *Odin House, Madison, Minnesota*. Odd Martin Mæland skriv i etterordet at Bly er ”natur-poet og samfunnsrefsar, visjonær og politiskar, drøymar og handlingsmenneske i ein og same person.”

Som den amerikanske tenkjaren og forfattaren Henry David Thoreau (1817–1862) stiller Bly òg fram det viktige ved isolasjon om ein skal skriva poesi: Isolasjon frå det forstyrrende ved omgjevnadene, men samstundes i nærleik til naturen og tankane. Det politiske steget Bly etter kvart tek, plasserer han på ei anna lei enn dei amerikanske transcendentalistane og inspirasjonen dei henta frå naturen. Bly er konkret og reell, *real*. Han er ekte og direkte, *direct*, men samstundes ein diktar som kan faget sitt.

Robert Bly har vore heilt sentral for at Hauge har vorte kjend i utlandet, særleg i USA og Storbritannia. Gjennom arbeidet hans har Hauge har fått ei engelsk poetisk drakt som kler han.

Under utdelinga av prisen sa Ågot Gammersvik fylgjande:

It is with immense pleasure and gratitude that we wish to present you with this prize. We are extremely happy to have you, and your wife Ruth, here with us today, and as our guests at this festival, and we sincerely hope that these days in Ulvik may mean as much to you as your work has ment to us all.

We know that you are appreciated and much valued as a person, a poet, and a scholar. And with this prize, we wish to demonstrate that you are also much valued as a friend of Hauge and his poetry; a friend of *Vestlandet* and of Norway, and a friend of what unites our two countries and our people.

This prize is our humble way of saying: “Vær velkomen heim!”

HORDALAND FYLKESKOMMUNE SIN KULTURARBEIDARPRIS 2008

Hovudprisen på kr 30 000 vart i år tildelt Venelaget Olav H. Hauge. Prisen vart utdelt under fylkestinget sitt møte i Bergen 15. oktober. Nestleiar i kultur- og ressursutvalet, Berit Eldøy, stod for utdelinga. På nettsidene sine skriv Hordaland fylkeskommune fylgjande:

”Venelaget Olav H. Hauge har gjort ein stor innsats for å fremja interessa for Hauge si dikting sidan laget vart stifta i 1999, og Hordaland fylkeskommune er spesielt glad for å få gje dei ei merksemd i jubileumsåret for Olav H. Hauge, sa Eldøy ved prisutdelinga.

Som Hauge sjølv er venelaget knytt til Ulvik og har syn utover i verda. Dei er med på å formidla og stimulera til kjennskap til denne store lyrikaren både gjennom studiestipend, pris til unge spirande poetar, Amboltprisen til store poetar og formidlarar, seminar i samarbeid med det akademiske miljø – og ikkje minst Ulvik poesifestival. Poesifestivalen har utvikla seg frå å vete ei intim samling til å vere ei nasjonal litteraturhending.

Ein milepæl i Venelaget sitt arbeid er etableringa av dokumentasjonssenteret for Olav H. Hauge i det gamle heradshuset i Ulvik som opna no i haust. Det skal arrangerast omvisingar, foredrag og utstillingar av ymse slag. Dokumentasjonssenteret skal også samla alt tilgjengeleg materiale om Hauge og kopiar av alle tekstar og arbeider av Hauge sjølv. Vi ønskjer lukke til med denne møtestaden for poesi- og litteraturinteresserte frå heile landet, sa Eldøy.

– Det er ei stor glede for Hordaland fylkeskommune på denne måten å få takka Venelaget Olav H. Hauge for deira arbeid gjennom snart ti år – og spesielt for det store arbeidet dei har lagt ned i jubileumsåret 2008, sa Eldøy då ho overrekte prisen.”

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for ein bolc.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolc. Årsmøtet vel òg valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet på Rossvoll laurdag 20. september 2008, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Unni Solem Bilsbak, Ulvik (Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)
- Nesteleiar: Øystein Hide, Ely (Cambridgeshire, UK)
- Styremedlem: Johannes P. Bleie, Bergen
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik (Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Stephen J. Walton, Volda/Stavanger

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: styret@venelagethauge.no

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge
v/Unni Solem Bilsbak
Postboks 5, 5731 Ulvik

Telefon og SMS: 91695164